

# KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN

*Nr. 06-2016 Torsdag 08. september 45. årgang*

*Neste nr. av KB kjem ut 13. oktober 2016*

*Nytt stoff innan 20. september 2016*



# Kyrkjeskyss

Treng du skyss for å kome deg til guds-teneste? Då kan du ringe kyrkje-kontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no

www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale

Kyrkjeverje:

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	56 16 72 94
Organist og kyrkjelydspedagog Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

## Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Svein T Villanger,  
Redaksjon: Øystein Soldal,  
Jorunn Kårdal.  
Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: kyrkje@online.no  
Adresse: 5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

## GUDSTENESTER

### I

## AUSTRHEIM SOKN

### Søndag 11. sept. kl. 18.00

«Syng deg glad kveld»

Johannes Lyngset og Hatwika

### Fredag 16. sept. kl. 18.00

«Gudsteneste for alle»

Kyrkjekaffi under galleriet

### Søndag 18. sept. kl. 11.00

Presentasjon av nye konfirmantar

50 års konfirmantane er invitert

Marianne Støylen Skauge og

Jostein Hauge

Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid (konfirmantar)

### Lørdag 1. okt. kl. 15.00

Gudsteneste i samband med

den internasjonale eldredagen

Per Børge Hillestad og Jostein Hauge

### Søndag 2. okt. kl. 11.00

Kulturgudsteneste

Per Børge Hillestad

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

### Fredag 14. okt.

Samling med 3 åringane

«Nattagudsteneste»

med kveldsmat

Vert sendt invitasjon

### Lørdag 15. okt.

Samling for 4 åringane

Bollefest og bibelforteljingar

Vert sendt ut invitasjon

### Søndag 16. okt. kl. 11.00

Familiegudsteneste

Nils Arne Lavik

Utdeling av bok til 3 og 4 åringane

Takkoffer til: Bergen søndagskulekrets

Søndag 06. nov. Helgemesse

Søndag 13. nov. Gudsteneste

Søndag 27. nov. Lysmesse

# God høst!

Johannes 20,19-23

«Det var om kvelden same dagen, den første dagen i veka. Læresveinane var samla og hadde stengt dørene, for dei var redde jødane. Då kom Jesus; han stod midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Då han hadde sagt det, viste han dei hendene sine og sida si. Læresveinane vart glade då dei såg Herren. Igjen sa han til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.» Med desse orda anda han på dei og sa: «Ta imot Den heilage ande! Tilgjev de nokon syndene deira, er dei tilgjevne. Held de syndene fast for nokon, er dei fasthaldne.»

Det starta påskedag. Kvinner fann Jesu grav tom og sprang og fortalde det til læresveinane. Men dei var redde og forvirra og hadde stengt seg inne. Ei tom grav er jo ikkje så mykje å tru på, det var Jesus sjølv og fellesskapet med han dei sakna.

Eg trur mange av oss har erfart noko av det same. Tider då vi kjende oss forvirra og forlatt. Jesus vart borte for oss. Kanskje kjenner vi også korleis det er når angst og uro gjer at vi stengjer oss inne og ikkje tør å sleppe andre innpå oss.

Medan alt framleis var mørkt og stengt for læresveinane, stod med eitt Jesus midt i mellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Dei fekk hjelp til å skjønne at det verkeleg var han. Han viste dei merka i hendene og sida si frå då han hang på krossen. Og han anda på dei og sa: Ta imot Den heilage ande. På gresk er forresten Ånd og pust same ordet.

Pinsa opnar dører til nytt fellesskap med den oppstadne. Ved Den heilage ande er Jesus midt i mellom oss når vi samlast i hans namn, om vi er to eller tre, eller mange fleire. Vi kan vere ein redd flokk bak stengde dører eller møtast frimodig med takk og forventning. Uansett erfarer vi at noko skjer når vi ber, syng, høyrer Jesu ord og tek imot nattverd. Han gjev oss sin fred.

Og Jesu fred set oss fri til teneste for andre. Den heilage ande gjev kraft. Eg kan snakke med nokon om situasjonar då Jesus og hans ord vart mi hjelp og gav meg nytt mot. Og når nokon seier:- eg får ikkje til å tru, kan vi saman be Den heilage ande om trua si gåve. For kristen tru blir til som respons og svar på det Jesus gir.

Vi treng alle å vere med i eit fellesskap der Jesus og hans ord står i sentrum. Du er velkommen med tvil og tru, lengsel og håp, angst og uro. Samla i Jesu namn er Den heilage ande verksam for å gje oss det vi treng.

God høst!

Per Børge



## Kyrkjebøkene i Austrheim

### Døypte

- 14.08.16** Johannes Loftås Storås (døpt i Hundvin kyrkje)  
Nicholas Hope Borge (døpt i Hordabø kyrkje)

### Vigde:

- 09.07.16** Elisabeth Børilden og Stefan Myrvold  
**06.08.16** Elisabeth Haug og Tormod Solstrand

### Døde:

- 26.06.16** Eydun Johan Wilhelmsen f. 1937  
**13.07.16** Erling Fonnes f. 1917  
**18.07.16** Harald Karstein Øksnes f. 1956  
**03.08.16** Asbjørn Våge f. 1955

### Utgjevingsplan Kyrkjebakken andre halvår 2016

	Leveringsfrist	KB kjem ut
Nr. 07/16	20. september	13. oktober
Nr. 08/16	25. oktober	17. november
Nr. 09/16	22. november	15. desember

# Takk

## Hjarteleg takk

for alle blomar, helsingar, telefonar,  
besøk og deltaking ved  
min kjære Steinar Leirvåg  
sin bråe bortgang.

Takk til Vatne begravelsebyrå, Lisbeth Morken for  
vakker solosang og prest Per Børge Hillestad  
for ei verdig og fin gravferd.

Anny



## VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser  
på telefon og internett, likevel er det en av tre  
som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



Å snakke med folk om livet gir mening.

## Stor takk til alle som var med på avslutningskonserten min.

Takk til dei som bidrog med song og musikk.

Takk for at de var med og «samla» inn kr. 21.000 til THK (tru-håp-kjærighet) sitt arbeid i Ukraina.

Midlane vert nytta til å arrangere leir for 70-80 born i Tjernobyl-regionen.

Dei bur då heime, men kjem saman for lek, moro og undervisning. Dei får 3 måltider pr. dag, og det er ikkje alle av dei som får elles.

Litt av midlane vert nytta til litt sumaraktivitet for dei borna som bur på «mor-barn senteret», dette er ein barneheim drive med støtte av THK.

Det vil kome litt bilder frå leirane i seinare KB.

I skrivande stund er vi 17 personar frå Nordhordland som skal på tur for å sjå på arbeidet vi er med å støtte. Håpar vi også kan laga litt stoff om den turen.

Stor takk frå Bodil



## **NEDLEGGING AV AUSTHEIM KOMMUNALE SENIORKLUBB – BRUK AV UTESTÅANDE MIDLAR**

Austrheim kommunale seniorklubb vart nedlagdt på ekstraordinært årsmøte 28.04.2016

Innestående midlar, ca. kr. 37.000, vart etter avstemming gjeve til innkjøp av Motivewsyklar til Nordliheimen.

Midlane er overført til Austrheim Rotaryklubb som har ansvar for organisering av innkjøp.

Med helsing

Det foranværende styret i Austrheim kommunale seniorklubb

## **OFRINGAR**

12. juni	Dekking av utgifter/kyrkjearbeid	kr. 3.241,-
26. juni	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 4.517,-

## **MINIVING**

hobbystund for 4-10åringar på Årås bedehus  
annankvar torsdag kl. 17-18.

Born under 4 år må ha fylje med ein vaksen.  
Timen inneheld sangstund, bibelforteljing og hobbyaktivitet.

**Me startar 25 august!**

Sjå dei andre datoane på [austrheimindremisjon.no](http://austrheimindremisjon.no).

Håpar du kjem!!

## **Meiningsfylt fritid**

Ønsker du å være fritidskontakt i Austrheim Kommune?

I kommunen har vi barn, unge, voksne og eldre som av ulike grunner treng hjelp for å oppleve ei meningsfylt fritid. Dei som treng fritidskontakt er ulike, og derfor må også fritidskontaktene være ulike.

### **Kva er ein fritidskontakt?**

- Ein som bidrar til ei meningsfylt fritid.
- Ein som kan hjelpe til med deltaking i kultur- og fritidsaktivitetar.
- Ein som kan bidra til ei aktiv og meningsfylt tilværelse saman med andre.
- Ein som kan bidra til å inkludere personar i frivillig lag og organisasjonar.

### **Tjenesten kan organiseres på ulike måter:**

- Individuell fritidskontakt
- Deltaking i ei aktivitetsgruppe
- Eit individuelt tilbod i samarbeid med ein frivillig organisasjon.

### **Kven ønsker vi som fritidskontakt?**

- Personer som har tid og overskot.
- Pålitelege kvinner og menn, unge og eldre, som kan samarbeide med andre.
- Personer med eller uten fagleg bakgrunn, med ulike interesser og kompetanse.
  - Lag og organisasjoner.

**Ein som påtar seg å være fritidskontakt/støttekontakt, må være 18 år.  
Engasjementet er løna etter faste satsar. Det vert gjeve rettleiing ved behov.**

**Dersom dette er av interesse, ta kontakt med pleie- og omsorgsleiar Monika Kvamme (56162040), eller avd.spl for heimetenesta Hege Bergsvik Sætre (56162123).**

**Kommunen arrangerer eit informasjonsmøte for  
fritidskontakter mandag 05.09.16 kl. 18-20 på  
Austrheimsstova på kommunehuset.  
Påmelding til Hege B Sætre på tlf. 56162123 eller  
e-post: Hege.Bergsvik@austrheim.kommune.no**





# LERVÅG BEDEHUS

Søndag 18.09 kl 11:00 Møte: Geir Talberg taler *søndagsskole*

**Fredag 23.09 kl 18:00 BASAR**

Søndag 02.10 kl 11:00 Møte: Linda Nærøy taler *søndagsskole*

Søndag 16.10 kl 11:00 Møte: Geir Talberg taler *søndagsskole / nattverd*

**Fredag 21.10 kl 19:30 møte m/ Troens Bevis**

**NORGESTURNÈEN:**

**Generasjoner For Nasjoner**

Rune Edvardsen - Kari Edvardsen - Hans Martin Skagestad



Torsdag 27. – søndag 30. oktober

**Møtehelg m/ Varna Evangeliesenter**

# ÅRÅS BEDEHUS

**Semesterstart 4 sept kl 16** med besøk av Cecilie Skår og vår nye ungdomsarbeidar Vegard Hetlebakke. Spesielt velkomne til unge som har tenkt seg på Kjellar og XL i år! Kaffi og kaker.

Møte 25 sept. kl.11 m/nattverd. Tale ved Christian Skoge.

Møte 9 okt. kl.11.00 Tale ved Jan Rantrud.

Møte søndag 23 okt. kl.11.00

Møte søndag 30 okt. kl.11.00

Bibeltide v/Helge Keilegavlen tirsdag 15.november kl 19:00 i storsalen.

Bedehusdagen 19 nov. kl. 13.00

Sjå ellers meir info på [austrheimindremisjon.no](http://austrheimindremisjon.no)

Minner om årets julemesse

26. november

Nærare kunngjøring kjem i neste nummer av KB.

-Husmorlaget-

## BASAR

Austrheim Samfunnshus

er flytta frå 25. september  
til søndag 09. oktober kl. 16.00.

-Eigarlagene-

## Forreininga "KJERRINGROKKEN"

hadde temakveld og basar på Kyrkjelydshuset 13.juni.  
All inntekt vart sendt til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Mali.  
Det er det arbeidet misjonær Frode Sætre også er knytt til i si teneste.

På loddbok og smålodd kom det inn tilsaman Kr 17.635,-  
Vi vil hermed sende ei stor takk til alle som var med og støtta,  
både ved å kjøpe lodd og å delta på basaren.

TUSEN TAKK!



## "KJERRINGROKKEN"

- er ei gruppe damer som samlast på Kyrkjelydshuset
- tilknyttta Norsk Misjonsselskap og støttar Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Mali.
- Tema: samtale, sosialt samvær, handarbeid (for dei som likar det)
- Mat

**Møtest på Kyrkjelydshuset på måndagar kl 19:00.**

**I haust vert det desse datoane:  
05.sept. 03.okt. 07.nov. og 05.des.**

**Vel møtt til nye og gamle deltakarar!**





## MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

**Til sammen har vi 3 815 års erfaring med bilservice i Norge.**

Rune Austrheim **Fosnøy Bilsenter AS**

### Velkommen til Bosch Car Service!

Verkstedet vårt rommer all den erfaringen og kunnskapen som finnes i en av verdens største uavhengige verkstedskjeder. Hos oss kan du få hjelp med alle typer reparasjoner og service for samtlige merker. Bosch har jo også utviklet over halvparten av teknikken i bilen din. Så hvem tror du er den beste til å utføre service på den?

[www.fosbilsenter.no](http://www.fosbilsenter.no)

Vi gjør alt for bilen din.



**BOSCH Service**

**Fosnøy Bilsenter**

Tlf: 56 16 75 50

Mastrevik

## Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



**SKARSVÅG**  
Rør og Interiør as



*Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset*

MNTF



*Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.*

*Telefon vakt 56 16 98 35*

## Mini Frisørsalong



ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 10.  
Timebestilling: Mandag, Tirsdag,  
Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16  
Alla Kurinna og Rieko



**Panasonic**  
**varmepumper**

5937 BØVÅGEN

Mob. 481 31 534

byggboe@online.no

**Vatne**  
Begravelsesbyrå



Vi kan hjelpe til  
med rådgivning og  
tilrettelegging ved  
begravelser og  
bisettelser.

**Ring døgnvakt:**

**56 35 09 10**

www.vatne-byra.no

Kvassnesvegen 11

5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.

Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)

Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirenselanlegg

Kontakt:

August Norge AS

Avd. Vestlandet

Tlf: 949 70 680

Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befaring!  
[www.augustnorge.no](http://www.augustnorge.no)

## **Biblioteket - opningstid**

### **Hovudbiblioteket:**

**Måndag og onsdag** kl. 14.00 -19.00

**Tysdag og fredag** kl. 10.00 -15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

### **Fonnes filial:**

**Torsdag** kl. 14.00 -19.00

Tlf.nr. 56 16 83 11

E-post:

[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)

God bok!

### **Bassenget på Kaland:**

Garderobane og bassenget på Kaland skule gjennom ei større renovering og det vert dessverre ikkje tilbod om offentleg bading framover.

Arbeidet kjem til å halde fram utover i dette skuleåret.

## **Annonse i Kyrkjebakken?**

1/1 side + bakside kr. 1.000,-

3/4 – 2/3 side kr. 750,-

1/2 side kr. 500,-

1/3 side kr. 350,-

1/4 side kr. 250,-

Små annonser kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.

## **Legevakt/ambulanse**

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

**Legevakt: 116117**

### **Austrheim legekantor**

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**Kl.08.30 - 15.00.**

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING  
MÅNDAGAR!**

### **Årås helsestasjonen**

Åpningstider for publikum:

**kl 08.30- 15.00**

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

**Jordmor:**

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13


### **Nye telefon nr. i pleie og omsorg :**

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:**  
56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

## SUN MASSASJE

THAI OG AROMA MASSASJE

JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25

400 KR. PR.TIME

TIMEBESTILLING TLF.47957233

NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL

## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing  
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



## *Giving Hope To A Child (GHTAC)*

**Giving Hope to a Child** har grunna lovendring i Liberia mot drift av ordinære barneheim, beslutta å endre planane for humanitær hjelp til barn i Liberia. Framfor å bygga barneheim vil vi no finne mindre prosjekt som kan hjelpa mange born – til dømes stønad til skulepengar, fritids-tilbod e.l. Støtt oss gjerne med å:

- Teikne deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikne deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, konto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår:

[www.givinghope.no](http://www.givinghope.no) eller GHTAC på facebook.

*Rolf Maurseth* (Styreleiar)

<i>Stine B. Karlsen</i> Styremedlem	<i>Tove Odland</i> Styremedlem	<i>Jenfrid Stellberg</i> Styremedlem
<i>Jusu Gyflan</i> Styremedlem	<i>Silje A. Hoaas</i> Styremedlem	<i>Ole Moen</i> Forretningsfører



# SONGKVELD

i Austrheim kyrkje

**søndag 11.september kl. 19.30.**

Dette vert oppstart på ein ny sesong med songkveldar i kyrkja vår. Denne kvelden har vi vore så heldige å få med oss songfellesskapet «Hatikva»



frå søre delen av Nordhordland  
med Johannes Lyngset som dirigent.  
Elles vert det allsong, kollekt og kykjekaffi.  
**VELKOMEN!**